

Austrheim 17.10.19.

## **Til deg som har vedtak om korttids- og langtidsopphald på Nordliheimen i Austrheim Kommune og til dine pårørende.**

Nordliheimen i Austrheim Kommune samarbeider med Helsedirektoratet sitt pasientsikkerhetsprogram «I trygge hender» om førebygging og behandling av underernæring og riktig legemiddelbruk. Me ynskjer å vidareutvikla gode rutinar for å få god kvalitet på desse områda og sikre trygge tenester.

I den forbindelse ynskjer me å risikovurdere ernæringsstatusen til alle bebuarane på Nordliheimen, unnateke dei som er under palliativ behandling. Det vil sei at me kjem til å innhente mellom anna vekt og høgde. I følgje nasjonale retningslinjer, skal alle pasientar risikovurderast månadleg eller etter eit anna fagleg begrunna individuelt opplegg.

Dersom me finn at du er underernært eller er i risikograppa for underernæring vil me lage tiltak for å førebygge og/eller behandle dette. Tiltak kan til dømes vere å kartleggje kor mykje bebuarane et i løpet av dagen, lage individuell kostplan, gjennomgå tannstatus og følgje opp bebuar i forhold til planen.

Legemiddelgjennomgang av bebuarane sine medikament vert gjennomført kvar 6. månad, samt ved innkomst til Nordliheimen. I den samanheng er det aktuelt å hente inn nødvendig informasjon og sjukehistorie frå bebuar og eventuelt pårørende. I forkant av legemiddelgjennomgang vert det gjort ulike kliniske observasjonar av bebuar ved hjelp av ei eigen sjekklister, til dømes blodprøver, blodtrykk, puls.

Vurdering og tiltak vert gjort i samråd med tilsynslegen ved Nordliheimen. Tilsynslegen vil vurdere tettare legeoppfølging dersom kartlegginga tilseier at dette er naudsynt.

Ved spørsmål, ta gjerne kontakt med avdelingsleiar Åse T. Låstad eller sjukepleiar Eilen Korneliussen.

